

Gje ikkje opp!

No vil dei slå saman fattige kommunar som siste utveg for å få meir pengar. Er det i Hareid si beste interesse å kaste seg på trenden med «nabopratt for kunnskapsinnhenting», som det heiter for tida?

Sjølv om jobben er vanskeleg – og det gjer litt vondt, det blæs litt motvind – så må vi ikkje gje opp no. Det er mange røyster og krefter som kjem med kjappe og poppe løysingar, men vi må tenkje 20 år fram i tid.

Kva vil vi ha i Hareid, i Brandal eller i Liavågen om 20–30 år? Sjå kva folk har investert i. Dette må sikrast med forutsigbare rammer.

Forretningar som no satsar, slik som Millenium og Jafs siste vekene. Investeringsar i miljøgate med butikkar, kaféar, kyrkjelydshus, møteplassar og leikeområde, kjempepopulær marina, nybygg og ferdige byggefelt – for å nemne nokre døme. Skal dette vare lenge og vekse vidare må det følgast tett opp. Det må ikkje vere tvil om vår støtte lokalt.

Sats på Hareid!

Vi risikerer å bli sett på sidelinja. Akkurat no står fleire bygder makteslause mot sentrumsplanane til Ulsteinvik, Fosnavåg eller Volda. Sjå kva som skjer i Haddal. Og Herøy har rakna i to. Ein kjem ikkje betre ut i framtidige drakampar utan at vi står samla i Hareid.

Eit tiår utan stridigheiter har gjeve oss eit sterkare sentrum utan å svekke krinsane. Investeringsane har kosta, og no er det lagd ein plan for å handtere dette framover som vi må fylje.

Folk forventar at vi slost vidare for Hareid. Då kan ikkje vi gje frå oss sleiva til grautskåla til andre. Folkelista vil aldri gje opp.

Tomter, sjukeheimsplassar, barnehageplassar, skular, bibliotek, fritidsklubb, næringsutvikling og arbeidsplassar. Vi vil framleis ha dette i Hareid. Blir det lettare i ei ny «Runde» kommune med nabokommunar som ikkje maktar det i eigne bygder ein gong?

Vi står i ei krevjande tid, men det er ikkje tid for å gje opp.

Kristian Fuglseth, gruppeleiar i Folkelista for Hareid kommune